

## Retningslinjer for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) Ulvik herad, 2018-2020

Ordninga er heimla i nasjonal Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, FOR-2004-02-04-447. Føremålet med tilskotet er ut i frå regionale og lokale prioriteringar å stimulere til auka verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminner i skogen vert ivareteke og vidareutvikla. Ordninga finansierast over statsbudsjettet.

Tilskot kan gis til alle skogeigarar som har meir enn 10 daa produktiv skog, eller der det er inngått avtale om samarbeid mellom fleire eigedommar. Tilskot etter forskriftas § 8 kan gis til alle landbrukseigedommar, uavhengig av kor mykje produktivt skogareal det er på eigdommen.

Forskrifta omhandlar 6 ulike tilskotskategoriar: *Tilskot til skogkultur (§ 4); Tilskot til vegbygging (§ 5); Tiltak til miljøtiltak i skog (§ 6); Tilskot til drift med taubane, hest o.a. (§ 7); Tilskot til utdrift av skogvirke til bioenergi (§ 8 fyste ledd); og Tilskot til andre tiltak i skogbruket (§ 8 siste ledd).*

Fylkesmannen har ansvar for tildeling av tilskot til *skogsvegbygging, bioenergi og skogdrift med taubane, hest o.a.* Meir og utfyllande informasjon for fylkesmannen sitt ansvar finst i «*Retningslinjer for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland*».

Heradet sin årleg tilskotsramme vert fastsett av fylkesmannen på grunnlag av den regionale tildelinga i frå staten. Heradet har ansvar for tildeling av tilskot til *skogkultur, miljøtiltak i skog og andre tiltak i skogbruket*.

Det skal fastsetjast overordna retningslinjer for prioritering av søknader. Fylkesmannen har bedt kommunane om å utarbeide slike retningslinjer for sitt ansvarsområde. Retningslinjene skal utarbeidast i dialog mellom Fylkesmannen, heradet og næringsorganisasjonane i skogbruket.

### Heradet sine prioriteringar av NMSK-tilskot:

#### 1. Miljøtiltak i skog:

Skjøtselstiltak som tek vare på og vidareutviklar miljøverdiar i skog.

##### **Prioriteringar:**

- Dekking av økonomisk tap knytt til langsiktig bevaring av spesielle miljøverdiar, fortrinnsvis område registrert i naturbasen.
- Tiltak for vidareutvikling av miljøverdiar.

##### **Tilskotssats:**

- Miljøtiltak i skog; miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne – inntil 100 % tilskot. Heradet bestemmer tilskotssats, prioriterer søknader og løyver tilskot (jf. NMSK forskrifta § 6).

#### 2. Skogkultur:

Stimuli til utvikling av kvalitetsskog.

##### **Prioriteringar:**

- Lovpålagt tilfredsstillande forynging etter hogst (jf. § 6 i forskrift om berekraftig skogbruk og § 6 i skogbrukslova).

- Ungskogpleie med sikte på kvalitetsproduksjon, i all ungskog som uavhengig av treslag høver til veksestaden.
- Skjøtsel av skog i kantsoner og i samanheng med kulturminner.

**Tilskotssats:**

- Nyplanting etter hogst – 30 % tilskot
- Nyplanting; skogreisingsmark, treslagsskifte til gran – 50 % tilskot
- Suppleringsplanting – 50 % tilskot
- Mekanisk etterarbeid – 80 % tilskot
- Avstandsregulering – 80 % tilskot
- Flaterydding – 50 % tilskot
- Kunstig kvisting – 50 % tilskot
- Markarbeiding – 50 % tilskot
- Gjødsling fastmark – 40 % tilskot

Heradet vedtek tilskotssatsar, prioriterer søknader og løyver tilskot på grunnlag av årleg tildeling i frå Fylkesmannen (jf. § 4 i NMSK forskrifta). Heradet vil så langt mogeleg fylgje Fylkesmannen sine anbefalte maksimale tilskotssatsar (jf. vedtak HST-022/11).

**3. Skogsveg bygging:**

Tilskot til bygging av nye eller ombygging av eksisterande skogsvegar, som bidreg til gode heilskapsløysingar for utnytting av skog- og utmarksressursar.

Ulvik herad vil arbeide for at tømmertransport, i frå skog til industri, kan skje på ein rasjonell, kostnadseffektiv og miljøvennleg måte. Det vert utarbeida ny hovudplan for skogsvegar.

**Prioriteringar:**

- Vegar bygd som sams tiltak etter jordskiftelova skal ha prioritet framfor enkeltanlegg.
- Anlegg i tråd med forslag til hovudplan for skogsvegar.
- Større felles anlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive areal.
- Bilvegar.
- Ombygging til bilveg.
- Traktorvegar i vegklasse 7 i bilvegtrase kan vurderast.

For alle anlegg, delfinansiert med statstilskot, skal godkjent byggeplan ligge føre før byggestart (jf. NMSK forskrifta § 5). Ferdigstilte vegar skal oppretthaldast i god stand.

**Tilskotssatsar:**

Fylkesmannen forvaltar statstilskotet til skogsvegar. Tildeling skjer etter «*Retningslinjer for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland*».

**4. Skogdrift med taubane, hest o.a.:**

Tilskot til utdrift av skogsvirke i vanskeleg/sårbart terreng.

Fylkesmannen kan gje tilskot til uttak av tømmer med taubane, hest o.a., i område der det er gjennomført registrering av miljøkvaliteter i skogbruket (MIS). Der det ikkje er gjennomført MIS-registrering kan Fylkesmannen stille vilkår om registrering eller føre-var-tiltak etter Levende Skog standarden.

**Prioriteringar:**

- Etter hogst skal området foryngast tilfredsstillende innan 3 år (jf. skogbrukslova § 6 og forskrift om berekraftig skogbruk § 6).
- Alle drifter skal førehandsgodkjennast av Fylkesmannen.
- Skogen skal vere hogstmogen.

**Tilskotssats:**

Fylkesmannen fastsett tilskotssatsar og forvaltar ordninga jf. «*Retningsliner for tilskot til skogsvegebygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland*». Tilskot gis etter samråd med heradet.

**5. Tilskot til utdrift av skogsvirke til bioenergi og tilskot til andre tiltak i skogbruket**

Fylkesmannen forvaltar ordninga med tilskot til utdrift av skogsvirke til bioenergi. Skogsvirke inkluderer i denne samanheng heltrevirke, hogstavfall (her under GROT), rundtømmer frå fyrstegongstynning og lauvskoghogst. Ordninga òg kan nyttast til rydding i kulturlandskapet, men dekker ikkje utdrift av skogsvirke til vedproduksjon.

Ulvik herad kan gje tilskot til tiltak/prosjekt som bidreg til å utvikle skogbruket lokalt/regionalt, når det ikkje finns andre etablerte tilskotsordningar elles i landbruket, som kan nyttast til føremålet. Tilskotet skal bidra til auka aktivitet/ressursutnytting i/frå skogen.

Desse ordningane har pt låg prioritet.